



NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE  
RENOVASJONSSKAP IKS  
Lindåsvegen 1260  
5956 HUNDVIN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristin Espeset, 5557 2141

## Rapport frå inspeksjon ved NGIR IKS – Kjevikdalen

Kontrollnummer: 2020.259.I.FMVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Anna Maria Hatland (teamsmøte og utfylling  
av sjekklister)  
Ingebjørg Lohne (Teamsmøte)

Frode Pettersen (verifikasjon)  
Ole-Henry Olsen (verifikasjon)

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*

Gøsta Hagenlund  
Kristin Espeset

*Frå Nord Hordland Brann og Redning:*

Aleksander Martens  
Ole Johan Ingebrigtsen

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved NGIR IKS 3. – 4. 11. 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling avdekket 4 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

### Avvik:

- Verksemda hadde manglande kunnskap og informasjon om brannvern i byggverk
- Det var manglar i brukars systematiske tryggingarbeid
- Internkontrollen har manglar
- Mottak, behandling og lagring av avfall og farleg avfall er ikkje i tråd med krav i løyvet

Avvik er nærare omtalt frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

Toril Mulen  
seniorrådgjevar

Kristin Espeset  
senioringeniør

---

Fylkesmannen i Vestland

Kopi til:

ALVER KOMMUNE v/Nordhordland og Gulen interkommunale Postboks 4 5906 FREKHAUG  
brannførebyggjande avdeling

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Nordhordland og Gulen IKS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974702568	<b>Eigd av:</b> 856167402
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.219 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> NGIR Kjevikdalen	<b>Anleggsnr.:</b> 4631.0129.01
<b>Kommune:</b> Alver	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avfall- mottak, mellomlagring og sortering	
<b>Løyve gitt:</b> 19.05.2017	<b>Sist endra:</b> 19.09.2017

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> NGIR Kjevikdalen	<b>Anleggsnr.:</b> 4631.0039.03
<b>Kommune:</b> Alver	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponering	
<b>Løyve gitt:</b> 29.06.2009	<b>Sist endra:</b> 23.11.2018

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> NGIR Kjevikdalen	<b>Anleggsnr.:</b> 4631.0099.01
<b>Kommune:</b> Alver	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Kasserte køyretøy	
<b>Løyve gitt:</b> 19.05.2017	<b>Sist endra:</b> 19.09.2017

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> NGIR Kjevikdalen	<b>Anleggsnr.:</b> 4631.0039.01
<b>Kommune:</b> Alver	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Farleg avfall – mottak og mellomlagring	
<b>Løyve gitt:</b> 19.05.2017	<b>Sist endra:</b> 19.09.2017

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadane av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadane om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande

forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Grunna korona-situasjonen vart tilsynet gjennomført med eigenmelding der verksemda svarte på spørsmål frå ei sjekkliste. Etter å ha motteke svaret, gjennomførte Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling ei synfaring for å verifisere dei tilbakemeldingane vi fekk. Tilsynet vart avslutta med eit møte på Teams der sjekklista og moment frå verifikasjonen vart tatt opp.

### Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller brannførebyggjande arbeid i verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart avdekka under synfaringa er også omtalt i rapporten.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

NGIR IKS pliktar å rette opp avika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Fylkesmannen og Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling skal kunne avslutte saka, ber vi om at NGIR IKS innan **15. desember 2020** sender ei beskriving av korleis avvik 1 og 2 er retta, eller ein handlingsplan for retting med tidsfristar. For dei andre avika er fristen **1. mars 2021** for å sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Fylkesmannen i Vestland og Nordhordland Brann og Redning IKS. Kvar etat vil etter dette følgje opp avvik etter eige regelverk.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Kristin Espeset og Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (post@alver.kommune.no) v/Ole Johan Ingebrigtsen.

#### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28.09.2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må NGIR ISK betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

#### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

## 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

#### Verksemda hadde manglande kunnskap og informasjon om brannvern i byggverk

##### Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging § 4

##### Kommentar til regelverket:

Eigar skal vite om og forstå krava til brannvern og forutsetningane som gjeld for byggverket. Eit byggverk skal prosjekterast og bli oppført i tråd med krava i gjeldande regelverk. I prosjekteringsfasen vert det etablert føresetnadar og avgrensingar som må vera oppfylt for at branntryggleiken skal vera ivarettatt. Endringar i desse forutsetningane kan redusere brannvernet. Det er derfor eit grunnleggande krav om at eigar kjenner byggverket sitt, og at brukar er gjort kjent med bygget sine føresetnadar og avgrensingar.

Endringar i dei branntekniske føresetnadene i byggverk utløyser ofte krav om søknad etter plan- og bygningslova.

##### Avviket er basert på følgande observasjonar:

*Eigar av bygget skal ha kunnskap om krav til branntryggleiken som gjeld for bygget.*

Eigar har ikkje lagt fram tilstrekkeleg dokumentasjon på at hallen som vert nytta til farleg avfall er brukt i tråd med forutsetningane for bygget. Det vart gjort samlagring av avfall der mottak for farleg avfall frå hushaldningar vart gjort. Dette samsvarer ikkje med tilsendt oversikt for sorteringshallen.

Det er plassert arbeidsbrakker på hjul utanfor administrasjonsbygg. Desse vert nytta som kontor. Plassering av brakkene synes for nærme administrasjonsbygget (TEK-17,§ 11-6). Det vart opplyst om at desse er plassert midlertidig. Det må dokumenterast at plan- og bygningslovgivinga er følgt.

Plassering av mottatte gassflasker er ikkje tilstrekkeleg risikovurdert. Dei er lagra utandørs tett opp til teltet/hallen som er lagra med farleg avfall. Dette er ein risiko begge vegar, både ved brann i hall og brann i gass. Det vart opplyst om at det gjerne var lekkasje i fleire av flaskene ved mottak. Det er derfor naudsynt med ei sikker lagring med omsyn til eventuelle lekkasjar. Plasseringa må være organisert slik at gass på avvegar ikkje kan samla seg i kummer og groper i terreng.

### Avvik 2

#### Det var manglar i brukars systematiske tryggingarbeid

##### Avvik frå:

Forskrift om brannførebygging § 4

##### Kommentar til regelverket:

Mål, planar, tiltak og rutinar må avklara og sikra kunnskap om ansvarsforhold før og under ein brann. Fastsette og formidle instruks for varsling, evakuering/redning og sløkking (branninstruks).

### **Avviket er basert på følgende observasjonar:**

Det var uklare rutinar for varsling av brann. Det er overvaking til alarmsentral 24/7.

Alarmsentralen sine rutinar for varsling til 110, var ikkje implementert i verksemda sine rutinar og må gjerast kjent blant dei tilsette.

### **Avvik 3**

#### **Internkontrollen har manglar**

Internkontrollforskrifta

- § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering
- § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar

#### **Kommentar til regelverket:**

*Risikovurdering – § 5 andre ledd punkt 6*

Verksemda skal kartlegge farar og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Verksemder som kan påverke kvarande eller ha ein samla, negativ verknad på områda rundt verksemdene, må vurdere behov for samordning av internkontroll som del av risikovurderinga.

*Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7*

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljø- og brannregelverket. Rutinane må vere dokumenterte og vere del av internkontrollen. Rutinar skal dokumenterast skriftleg og skal sikre at verksemda følgjer krav i miljø- og brannregelverket.

### **Avviket er basert på følgende observasjonar:**

*Risikovurdering – § 5 andre ledd punkt 6*

Verksemda sin risikovurdering er mangelfull når det gjeld brann- og påfølgande miljørisiko ved brann. Dette er basert på følgjande observasjonar:

- Brannsikker lagring: Risikovurderinga omfatta ikkje vurdering av brannsikker lagring av avfall vurdert opp mot avfallsmengder, lagringsareal og lagringshøgde omtalt i kapittel 7.1.3 i RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg. Verksemda har vurdert brann- og miljørisiko, men vurderingane omfatta ikkje lagring på anlegget vurdert opp mot tilrådingane for innandørs og utandørs lagring. Rise-rapporten gir den mest oppdaterte kunnskapen for å redusere brann og påfølgande miljørisiko ved avfallsanlegg, og alle verksemder må vurdere sine anlegg opp mot den nyaste kunnskapen og tilrådingane i rapporten.
- Brannfare ved deponigassanlegget: Risikovurderinga omfatta ikkje vurdering av brannfare ved deponigassanlegget og eventuelt tap av gass i deponioverflata. Det må vurderast om det er naudsynt med risikoreduserande tiltak.
- Brannsløkkevatn:
  - Utslepp frå ein brann vil i hovudsak gå i oljeutskillar og reinseanlegg. Verksemda har vurdert ureina sløkkevatn i miljørisikovurderinga, men risiko og tiltak for område som ikkje renn inn på reinseanlegget er ikkje vurdert.
- Beredskap og varsling: Behov for varsling av grunneigarar og Statens vegvesen er ikkje vurdert som risikoreduserande tiltak i beredskapsplanen. Verksemda har skogeigedomar som nabo, og tidleg varsling mellom naboane kan redusere faren for spreiding ved brann.

Røyk ved ein brann kan nå naboar og fylkesveg 57. Statens vegvesen burde varslast tidleg for å redusere konsekvensar ved brann. Dette går ikkje fram av varslingsplanen.

*Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7*

#### Mottakskontroll og litiumbatteri

NGIR har skriftlege rutinar knytta til sorteringshall. Det er og skriftlege rutinar for mottak av litium batteri på gjenvinningsstasjonane.

Det er behov for små endringar i desse rutinane:

- I rutine for mottakskontroll må elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) også førast opp som avviksavfall saman med farleg avfall
- Det må utarbeidast ei skriftleg rutine for handtering av litiumbatteri etter at dei er mottekne i Kjevikdalen. Det må gå fram av rutinen kor raskt desse batteria skal pakkast om. NGIR har allereie ein innarbeida måte å gjere dette på. Det må berre skrivast ned i ei skriftleg rutine.

#### Rutine ved avvikssituasjonar- manglande henting av avfall

Det skjer av og til at NGIR ikkje får levere avfall vidare på grunn av stopp i mottak av ulike årsaker. Det er viktig at NGIR utarbeidar rutinar for slike avvikssituasjonar og sikrar at planar for lagring blir haldne, og har midlertidige løysningar som kan settast i verk.

### **Avvik 4: Mottak, behandling og lagring av avfall og farleg avfall er ikkje i tråd med krav i løyvet**

#### **Avvik frå:**

- Løye punkt 3.5 om krav til tak og vegger for nokre avfallstypar
- Løye punkt 3.8.1 om behandling og omlasting av impregnert trevirke
- Løye punkt 4.1 om utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn
- Løye punkt 4.2 om utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m
- Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv av farleg avfall

#### **Kommentarar til regelverket:**

##### *Punkt 3.5 Lagring av impregnert trevirke*

Impregnert tre er farleg avfall. I punkt 3.5 i løyvet er det krav om at farleg avfall som eit minimum skal lagrast under tak og skjerma for ver og vind.

##### *Punkt 3.8.1 Behandling og omlasting av impregnert trevirke*

I punkt 3.8.1 er det krav om at impregnert trevirke skal kvernast skjerma for ver og vind. Vidare er det krav om at behandling og omlasting ikkje skal føre til spreiding til omgjevnadane. Avfall frå reingjering (oppsop) skal handterast som farleg avfall.

##### *Punkt 4.1 om utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn*

Utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast som avfall.

##### *Punkt 4.2 om utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m*

Overvatn frå uteområde med tett dekke for kasserte køyretøy skal vere kopla til sandfang og oljeutskillar.

Tabell: Utsleppsgrense for overvatn forureina med olje

Kjelde	Komponent	Konsentrasjonsgrense
Reinseining for overvatn forureina med olje	Olje	5 mg/l

*Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv av farleg avfall*

Den som har avfall har ansvaret for at farleg avfall ikkje fører til fare for forureining. Det er også krav om tydeleg merking.

**Avviket er basert på følgande observasjonar:**

*Punkt 3.5 og 3.8.1 Handtering og lagring av impregnert trevirke er ikkje i tråd med krav*

Kverning og lagring av impregnert trevirke skjer ute på ei betongplate. Dette er ikkje i samsvar med vilkår i løyvet til verksemda.

*Punkt 4.1 om utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn*

I sorteringshall og ved miljøsanering av kasserte køyretøy er avrenning knytta til avløp. Det er krav om at innandørs område skal ha tett golv utan avløp, eller kopla til tett tank.

*Punkt 4.2 om utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m*

Lagring av farleg avfall frå bilsaneringa skjer som vist på bilete. Farleg avfall skal vere merka. Det er ikkje oppsamlingstrau under IBCane. Utsleppskravet i løyvet er sett svært lågt. For å sikre at kravet blir halde må ein ha sikre lagringsmåtar for oljehaldig avfall.



**7. Merknader**

Vi ga følgjande merknad under inspeksjonen:

**Merknad 1:**

Tilkomst til container for litiumbatteri, var ved tilsynet vanskeleg. Det er særst viktig at brannvernet har tilkomst til alle bygg og areal der det kan oppstå brann.

**Merknad 2:**

Det må dokumenterast at container for lagring av pyroteknisk vare er godkjent for bruken

(mogleg å slukke frå utside).

## **8. Andre tilhøve**

Vi ber om at det vert lagt fram dokumentasjon på at det er tilstrekkeleg med vatn på brannventilar. Mengde vatn må tilfredsstille kravet som gjaldt på tidspunktet bygningane på området vart oppført jf. Forskrift om brannforebygging §§ 4 og 8.

NGIR jobbar godt med å forebygge. Dei tilsette som vi snakka med viste stor interesse og forståing for risikoen for brann.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff